

---

**Fra:** harald.fykse@multiconsult.no  
**Sendt:** tirsdag 23. august 2016 16.22  
**Til:** Atle Dingen  
**Kopi:** borge.brundtland@mongstadvekst.no; Arne Helgesen; Arne Eikefet; thor-henrik@haugen-vva.no  
**Emne:** RE: Leidningstrase Sambindingsvegen til Boh kaien  
**Vedlegg:** 615442-G101\_6 OV-PA-Mongstad Vekst.pdf

**Kategorier:** VA x. mong vekst til sjø

Hei Atle, prøvde å nå deg på telefon.

Eit par forhold som det kan vere viktig å få avklart, spesielt for dei som no skal betale den nye OV-ledningen:

1. Det er for eit par av dei mindre tomtene til no ikkje oppnådd kontakt med eigar/leigar, og dermed ikkje avklart om dei seier seg villig til å ta sin del av kostnadane ved å få rett til å påkobling. For den eine parten sin del er det hevda at dei har «ordna» med overvatnet, men vi kjenner ikkje til noko OV-anlegg i området, og antar at overvatnet då kun er drenert ut frå eigen eigedom. Har kommunen virkemiddel for å tvinge desse eigedomane til å koble seg på overvassledning (slik som ved etablering av avløpsledningar), anna enn ved eventuelle framtidige søknader om bygging/endring på tomta?
2. Det vart i møte med grunneigarane sist veke påpeika at det kjem betydelige mengder overvatn gjennom vegkroppen på Sambindingsvegen frå området på oppsida (127/123). Iht masterplan OV føreligg det planar for utbygging av eit avskjerande system langs Sambindingsvegen, men eg antar at dette ligg eit stykke fram i tid, og det vil ikkje fange opp alt overvatn sjølv etter utbygging. Dette kan medføre behov for større dimensjon på ledningen til sjø. Uavhengig av eventuell dimensjonsauke er det naturleg at eigar av 127/123 er part i utbygginga.
3. Etter møtet sist på kommunen der vi var einige om å føreslå fordeling på «alle» tomtene i området, har vi hatt møte med grunneigarane som i stor grad er positive. I så fall blir arealet som drenerar til OV-ledningen større og vi bør gjerne opp i 1000 mm på det strekket som har minst fall (strekning ca F-H, ref. vedlagte oppdatert skisse). Thor-Henrik har i utgangspunktet signalisert at dette kan by på utfordringar, men håpar vi kan ta ein prat om det kan la seg gjere. Alternativt er det jo ein god flomveg langs vegen så ingen krise i utgangspunktet.

mvh  
HARALD FYKSE  
VA-teknikk

(+47) 90 58 62 36 | harald.fykse@multiconsult.no  
www.multiconsult.no

**Multiconsult**

---

**From:** Atle Dingen [<mailto:Atle.Dingen@lindas.kommune.no>]  
**Sent:** 17. august 2016 14:56  
**To:** [borge.brundtland@mongstadvekst.no](mailto:borge.brundtland@mongstadvekst.no)  
**Cc:** Arne Eikefet <[Arne.Eikefet@lindas.kommune.no](mailto:Arne.Eikefet@lindas.kommune.no)>; Arne Helgesen <[HELA@lindas.kommune.no](mailto:HELA@lindas.kommune.no)>; Thor-Henrik Fredriksen ([Thor-henrik@haugen-vva.no](mailto:Thor-henrik@haugen-vva.no)) <[Thor-henrik@haugen-vva.no](mailto:Thor-henrik@haugen-vva.no)>; Fykse, Harald <[harald.fykse@multiconsult.no](mailto:harald.fykse@multiconsult.no)>

**Subject:** Leidningstrase Sambindingsvegen til Boh kaien

**Importance:** High

Hei.

Viser til møte med deg på Rådhuset torsdag 11.08.2016.

For å ivareta Mongstad Vekst og lokale industribedrifter og tomteeigarar sitt nylig framlagte behov for å ta hand om lokal overvassavrenning og system for industriavløpspåslipp, forskotterer Lindås kommune kostnadene med oppdimensjonert overvassleidning samt ny prosessavløpsleidning i prosjektet. Forskoteringa vert lagt inn i vår kontrakt med entreprenøren for det pågående arbeidet langs vegen.

Lindås kommune forutset at alle tilleggskostnadene med dette blir 100% finansiert av dei private som blir forutsett tilknytt i framtida, samt eventuelt øvrige eigedomar som ligg langs leidningstraseen. Prosessavløp og overvassanlegg ligg ikkje inne i Lindås kommune sitt gebyr-regulativ og kommunen har dermed ikkje varig sjølvfinansierande kostnadsdekning på dette.

Vi vurderer det fornuftig at Lindås kommune eig og driftar overvassleidningen, mens industriavløpsleidningen vert eigm og drifta av andre.

Frå kommunen si side haster det med å få sett opp ein avtale med Mongstad Vekst som representant for dei lokale aktørane, om desse tilhøva. At kommunen tek midlertidig ansvar overfor entreprenøren må ikkje bli ein sovepute for ein avtaleprosess.

Høyrer frå deg.



**Mvh Atle Dingen**

**Einingsleiar Teknisk drift, Lindås kommune**

✉ 56 37 56 85

☎ 46 80 80 34

[atle.dingen@lindas.kommune.no](mailto:atle.dingen@lindas.kommune.no)

P Tenk på miljøet - må du skrive ut denne e-posten?

[www.visbrosjyre.no/Lindaas\\_kommune/MailView/](http://www.visbrosjyre.no/Lindaas_kommune/MailView/)